

KOMMISJONSVEDTAK**2008/EØS/27/16**

av 2. juli 2004

om fastsetjing av eit unntak frå overgangsordninga som vart innført ved artikkel 6 i forordning (EF) nr. 998/2003 for transitt av kjæledyr gjennom territoriet til Sverige mellom øya Bornholm og dei andre delane av territoriet til Danmark(*)*[meldt under nummeret K(2004) 2435]***(Berre den danske og den svenske teksta er gyldige)**

(2004/557/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA
HAR —

- 2) Disse krava svarar i stort mon til dei nasjonale krava som galdt for innførsel til Sverige før gjennomføringa av forordning (EF) nr. 998/2003.

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 998/2003 av 26. mai 2003 om kravene til dyrehelse som får anvendelse på ikke-kommersiell forflytning av kjæledyr, og om endring av rådsdirektiv 92/65/EØF⁽¹⁾, særleg artikkel 21, og

- 3) Det fanst frå før ei tosidig avtale mellom Sverige og Danmark der det var fastsett mindre strenge krav enn dei som gjeld for innførsel til Sverige for transitt av kjæledyr gjennom territoriet til Sverige mellom øya Bornholm (Danmark) i Austersjøen og andre delar av territoriet til Danmark.

ut frå desse synsmåtane:

- 1) I artikkel 6 i forordning (EF) nr. 998/2003 er det fastsett kva krav til dyrehelse som i ein overgangsperiode på fem år skal nyttast m.a. på ikkje-kommersiell flytting av hundar og kattar til territoriet til Sverige.

- 4) Det er føremålstenleg å halde ved lag dette avgrensa unntaket frå den overgangsordninga som vart fastsett i medhald av artikkel 6 i forordning (EF) nr. 998/2003.

- 5) Det tiltaket som er fastsett i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda og dyrehelsa —

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 249 av 23.7.2004, s. 18, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 92/2005 av 8. juli 2005 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 60 av 24.11.2005, s. 5.

⁽¹⁾ TEU L 146 av 13.6.2003, s. 1. Forordninga endra ved kommisjonsforordning (EF) nr. 592/2004 (TEU L 94 av 31.3.2004, s. 7).

GJORT DETTE VEDTAKET:

Artikkel 1

Som unntak frå artikkel 6 i forordning (EF) nr. 998/2003 og inntil utgangen av den overgangsperioden som er fastsett i den nemnde artikkelen, skal transitt av kjæledyr av dei artane som er nemnde i del A i vedlegg I til forordning (EF) nr. 998/2003, tillatast mellom øya Bornholm og andre delar av territoriet til Danmark gjennom territoriet til Sverige, i samsvar med dei vilkåra som er avtalte mellom dei to medlemsstatane.

Artikkel 2

Dette vedtaket skal nyttast frå 3. juli 2004.

Artikkel 3

Dette vedtaket er retta til Kongeriket Danmark og Kongeriket Sverige.

Utferda i Brussel, 2. juli 2004.

For Kommissjonen

David BYRNE

Medlem av Kommissjonen